

Nasjonal eksamen i rettsanvendning for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

NYNORSK

Dato: 15. april 2026

Eksamenstid: 9:00-14:00

Hjelpemiddel: Lovdata Pro

Oppgi berre kandidatnummer i svaret på oppgåva, og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller kva institusjon du høyrer til.

Nasjonal eksamen våren 2026 - nynorsk

Tannlege Ada Molar bur i ein einbustad i Utsiktsåsen 42 i Storby saman med dottera Siv på 12 år. Siv sin far Trygve Traust bur på ein annan kant av Storby. Han har ikkje hatt noko særleg kontakt med Siv, fordi Ada har hevda at Siv ikkje ønska å ha kontakt. Ada arva huset ho og Siv bur i for nokre år sidan, og ein betydeleg formue i aksjar. Ho har ikkje arbeidd som tannlege etter at Siv begynte på skolen.

Utsiktsåsen skole kontakta for ca. 6 månader sidan barnevernstenesta i Storby og melde bekymring for Siv. Skolen opplyste at dei var bekymra for Siv si helse, fordi ho etter deira oppfatning var svært undervektig. Barnevernstenesta kontakta Ada og Siv, som begge meinte at dette ikkje var noko problem. Det blei likevel avtalt at fastlege Aksel Rygh skulle følge opp Siv med månadlege konsultasjonar. Saka blei deretter avslutta frå barnevernstenesta si side. Etter samtykke frå Ada blei skolen informert om denne løysinga. Det gjekk deretter ca. 6 månader der skolen oppfatta at Siv blei stadig tynnare, og ho hadde også etter kvart ganske mykje fråvær. Når skolen tok opp problema med Ada blei ho svært aggressiv. Siv møtte deretter ikkje på skolen, og skolen fekk heller ikkje kontakt med Ada. Utsiktsåsen skole sende deretter bekymringsmelding til barnevernstenesta.

Barnevernstenesta i Storby tok straks kontakt med Ada, og avtalte eit møte med henne neste dag. Ada møtte ikkje som avtalt. Barnevernstenesta tok derfor telefonisk kontakt med Ada. Ada opplyste at ho og Siv hadde flytta, og at ho ikkje hadde til hensikt å fortelje kvar ho var. Ho hadde heller ikkje til hensikt å samarbeide med barnevernstenesta. Viss det var noko dei ville, kunne dei kontakte advokat Stein Pierre.

Barnevernstenesta kontakta same dag advokat Pierre, med spørsmål om samtykke til å innhente opplysningar frå fastlege Rygh. Advokaten svarte at Ada hadde gitt beskjed om at ho ikkje samtykka i dette. Barnevernstenesta gjorde derfor vedtak om å pålegge legen å gi opplysningar om Siv sin helsesituasjon for perioden etter avtalen med barnevernstenesta og Ada. Svarbrev frå fastlege Rygh kom etter to dagar. Han opplyste at han hadde undersøkt Siv for ca. 6 månader sidan. Siv var då bekymringsfullt undervektig. Han hadde gitt nokre råd til Ada, og hadde avtalt ny konsultasjon ein månad seinare. Han hadde deretter blitt sjuk, og dessverre ikkje fått følgt opp saka. Først for 14 dagar sidan var han tilbake i jobb.

Barnevernstenesta i Storby blei no svært bekymra for Siv sin situasjon, og Kari Kyndig blei beden om å vere saksbehandlar i saka. Ho kontakta Siv sin far, Trygve Traust, som opplyste at han trudde at Ada og Siv kunne vere på Ada si hytte på Litleøya i utkanten av Storby kommune.

Barnevernstenesta i Storby skreiv deretter eit akuttvedtak om omsorgsovertaking, som barnevernstenesta sin leiar signerte. To saksbehandlarar frå barnevernstenesta reiste

neste dag til Litleøya. Der fann dei Ada og Siv på hytta, og akuttvedtaket om omsorgsovertaking av Siv blei gjennomført. Siv blei plassert i beredskapsheim. Akuttvedtaket blei godkjent av nemndleiareren i Storby barneverns- og helsenemnd.

Både Ada og advokat Pierre fekk no tilsende dokumenta i saka. Det blei avtalt eit møte med barnevernstenesta. På møtet gjorde advokat Pierre gjeldande fleire innvendingar mot barnevernstenesta si saksbehandling.

Advokat Pierre påstod for det første at barnevernstenesta ikkje hadde heimel til å pålegge fastlege Rygh å gi opplysningar på grunn av legen si teieplikt. Kari Kyndig var einig i at legen hadde teieplikt, men gjorde gjeldande at dei hadde tilstrekkeleg heimel i barnevernslova til å pålegge opplysningsplikt i denne saka. Advokat Pierre hevda vidare at Ada skulle hatt førehandsvarsel om akuttvedtaket, for eksempel ved melding til han. Då kunne partane funne ei løysing utan bruk av tvang. Kari Kyndig var einig i at barnevernstenesta kunne kontakta advokaten, men gjorde gjeldande at fordi saka hasta, og fordi Ada og Siv allereie hadde flykta frå barnevernet, så var det heimel til å unnlate førehandsvarsel. Advokat Pierre hevda til slutt at det ikkje var heimel for akuttvedtaket, fordi vilkåra ikkje var oppfylt. Kari Kyndig gjorde gjeldande at saka hasta, og at vilkåra var oppfylt.

Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av påstandane som har blitt gjort gjeldande i oppgåva.